



Surnadal kommune
Areal- og naturforvaltning

Rovviltnemnda i region 6
c/o Fylkesmannen i Nord-Trøndelag,
Postboks 2600
7734 STEINKJER

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2016/1563-7

Saksbehandlar
Tore Gjøl

Dato
15.09.2017

Høring - Revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge.

Viser til dykkar brev om «Høring - Revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge». Surnadal kommune v/kommunestyre har i sak 53/17, den 13/9-2017, fatta slik uttale:

Surnadal kommunestyre har følgande merknader til forslag til forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge:

- 1. Det er svært viktig for Surnadal kommune at Trollheimen fortsatt skal være prioritert beiteområde for bufe og tamrein.*
- 2. Surnadal kommune er positiv til at Øvre Sunndal blir tatt ut av forvaltningsområdet for jerv og at området skal være prioritert beiteområde.*
- 3. Det er ønskeleg med ein samordna forvaltning av jervbestanden i Møre og Romsdal og Oppland fylker som foreslått. Ein samarbeidsavtale må forplikte partane som bør komme fram til et felles ynglemål for Snøhetta og Reinheimen.*
- 4. Det må kunne settast i verk to ulike førebyggjande tiltak samtidig for å hindre tap av sau til rovdyr, eksempelvis skadefelling samtidig med tidleg sinking.*
- 5. Surnadal kommune tar til etterretning at det ikkje blir foreslått endringar i forvaltningsområdet for gaupe i Møre og Romsdal. Dagens fordeling av familiegrupper bør bli vidareført som i dag, med 10 i Trøndelag og 2 i Møre og Romsdal. Kommunestyret vil bemerke at det vil være svært viktig at gaupekvota for jakt bllir auka når bestandsmålet er nådd innafor dagnes forvaltningsområde på Nordmøre.*
- 6. Jerv i prioritert beiteområde bør fortrinnsvis tas ut før yngling for å unngå hiuttak.*
- 7. Surnadal kommune ber om at feil og manglar i planteksten rettast opp i henhald til det som er skrevet under «Andre kommentarar» i vurderinga.*

Merknadene er grunngjeve under «Vurdering» i saksframlegget.

Vedlagt følger sakspapira med vedtak i saka.

Med helsing

Tore Gjøl
skogbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	53/17	13.09.2017

Høring - Revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge.

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev - revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge legges ut på offentlig høring - Rovviltmemnda 210617.
- 2 Høringsutkast til revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge 210617.
- 3 Innspel til melding om oppstart av arbeidet med revidering av forvaltningsplan for store rovdyr i region 6 Midt-Norge.

Saksopplysningar

Rovviltmemnda i region 6 Midt-Norge la den 21.06.2017 ut forslag til revidert forvaltningsplan for regionen ut på offentlig høring. Region 6 omfattar fylka Trøndelag og Møre og Romsdal. Høringsfristen er satt til 22.september 2017.

Skriftlege innspel før oppstart:

Rovviltmemnda ønska flest mogleg innspel før arbeidet med sjølve revideringa starta. Fristen for innspel var 01.11.2016. Surnadal kommune ga da ein administrativ uttale. Konklusjonen i den uttalen var slik:

Surnadal kommune ber om at Trollheimen blir vidareført som prioritert beiteområde for sau og tamrein også i neste forvaltningsplan.

Vidare ber vi om at ein får inn slike føringar i plana:

- *at det i område som er prioritert som beiteområde ikkje bør vera rovvilt som representerer eit stort skadeproblem for husdyr.*
- *at reaksjonstida ved rovdyrskader må vera kort.*

Den administrative uttale ligg med som vedlegg til saka.

FORVALTNINGSPLANENA SINE MÅLSETTINGAR:

- *Sikring av rovviltartenes overlevelse gjennom oppfylling av Stortingets bestandsmål.*
- *Lavere konflikter og å sikre næringsdrift gjennom målrettede virkemidler, herunder redusere tap forvoldt av fredet rovdyr og sikre aktivt bruk av utmarksbeite.*

- *Forutsigbarhet.*

FORVALTNINGSPRINSIPPER

Rovviltforliket og nasjonale føringar seier at det skal være tydelig soneforvaltning for alle rovdyrarter. I planen er det fastsatt forvaltningsområder for bjørn, jerv og gaupe.

Forvaltningsområda sine avgrensingar er basert på utbredelsen av dei ynglande bestandane av bjørn, jerv og gaupe i region 6 Midt-Norge, andre viktige samfunnsinteresser og den todelte målsettinga. (Den todelte målsettinga inneber å sikre rovviltbestandane sin overlevelse, og sikre matproduksjon basert på utmarkebeite). Viktige beiteområder for bufe og tamrein er vektlagt når områder som har ynglande bestand av rovdyr tas ut av forvaltningsområdet.

VIRKEMIDDELBRUKEN

Virkemiddelbruken i dei ulike områda blir differensiert. Dette gjelder både tapsførebyggjande tiltak og fellingsregimene. I områder som er prioritert for beitedyr skal virkemiddelbruken hovudsakeleg rettes mot det skadegjerande rovviltet, i forvaltningsområda for rovviltarten skal virkemiddelbruken hovudsakeleg rettast mot beitedyra. Førebyggjande tiltaksmidlar skal i utgangspunktet prioriterast til tiltak i forvaltningsområda. Terskelen for å gi skadefellingsløyve vil være høgare innanfor forvaltningsområdet enn den er utanfor området; i prioritert beiteområde.

FORSLAG TIL REVIDERT FORVALTNINGSPLAN

Forslaget til revidert forvaltningsplan skal hørast opp mot dagens forvaltningsplan som ble vedtatt 21.11.2013. **Rovviltnemnda foreslår følgende endringar:**

- Det er innarbeida nokon forvaltningsprinsipp i forvaltningsplanen. Nokon er generelle, mens andre er artsspesifikke om jerv og gaupe.
- Yngleområda blir definert som forvaltningsområder for bjørn, jerv og gaupe. Ikkje områder med mål om yngling som i dagens forvaltningsplan.
- Forollhogna Sør-Trøndelag blir tatt ut av forvaltningsområdet for jerv. Ny grense vil bli Fv. 30 ned til fylkesgrensen Sør-Trøndelag/Hedmark.
- Øvre Sunndal i Møre og Romsdal tas ut av forvaltningsområdet for jerv.
- Geografisk fordeling av det regionale bestandsmålet for jerv. Det fylkesvise bestandsmålet for jerv blir 7 i Trøndelag og 3 i Møre og Romsdal. Dette er i utgangspunktet det same som i dagens forvaltningsplan med 4 i Nord-Trøndelag og 3 i Sør-Trøndelag, samt 3 i Møre og Romsdal. I dagens forvaltningsplan er det en målsetting om at 2 av jerveynglingane er nord i Nord-Trøndelag og 2 i sør, avgrensa av grensa mellom Luru og Skjækerfjell reinbeitedistrikt (Imsdalsvassdraget i Snåsa kommune). I revidert forvaltningsplan er ikkje det fylkesvise bestandsmålet for Trøndelag geografisk oppdelt i en nordlig og sørlig del.
- Ingen geografisk fordeling av det regionale bestandsmålet for gaupe. Det vil si at det ikkje er fylkesvise bestandsmål for gaupe. I dagens forvaltningsplan er regionens bestandsmål på 12 familiegrupper fordelt på fylkesvise bestandsmål med 6 familiegrupper i Nord-Trøndelag, 4 i Sør-Trøndelag og 2 i Møre og Romsdal.
- Kvotefri jakt på gaupe i Røros og Oppdal kommune, samt på Fosenhalvøya. Kvotefri jakt i dei delane av Møre og Romsdal som ikkje inngår i forvaltningsområdet for gaupe blir vidareført.

FORVALTNINGSOMRÅDET FOR JERV

Trollheimen er i høringsforslaget til ny forvaltningsplan fortsatt prioritert beiteområde.

Øvre Sunndal i Møre og Romsdal blir foreslått å tatt ut av forvaltningsområdet for jerv.

Målsettinga er at det regionale bestandsmålet oppnås innanfor forvaltningsområdet. Bestanden av jerv skal være mest mulig jamt fordelt.

Innanfor forvaltningsområdet skal det satsast på effektive tapsførebyggande tiltak; eksempelvis tilskott til tidlig sanking.

Utanfor forvaltningsområdet, området som blir rekna som prioritert beiteområde i forhold til jerv, skal det fastsettest tilstrekkelige kvoter for lisensfelling dersom det nasjonale bestandsmålet for jerv i regionen er oppnådd. Førebyggande tiltak bør prioriterast innanfor prioritert beiteområde, spesielt i randsonen til forvaltningsområdet.

FORVALTNINGSOMRÅDE FOR GAUPE

Det blir foreslått ingen endringar når det gjelder forvaltningsområdet for gaupe i Møre og Romsdal og bestandsmålet på 12 årlige ynglingar i regionen er også uendra. For gaupe er det ikkje geografisk fordeling i form av fylkesvise bestandsmål. Forvaltningsområdet i Møre og Romsdal omfattar Gamle Aure, Halså, Tingvoll, Rindal, Surnadal og den delen av Sunndal kommune som ligger nord for elva Driva.

Innanfor forvaltningsområdet skal det satsast på effektive tapsførebyggande tiltak; f.eks. forsinka slipp om våren og kvotejakt; ordinær jakt som er heimla i viltloven.

Utanfor forvaltningsområdet skal bestanden av gaupe haldast på lågast mogleg nivå. Det blir kvotefri jakt i dette området som regnes som prioritert beiteområde i forhold til gaupe.

FOREBYGGENDE TILTAK RETTET MOT SAU

Tidlig nedsanking skiller rovdyr og sau fysisk og er mest egna ved akutte skadesituasjonar.

Tiltaket kan fungere godt som planlagt tiltak men har sine begrensningar fordi mange har avgrensa tilgang på areal for beite og grovfôrproduksjon. Ved planlagt tidlig sanking for å førebygge ein forventet rovviltsskade skal forvaltningsområdet for jerv prioriterast. Det skal leggjast vekt på områder med årvisse tap forvoldt av jerv.

Normal sankedato blir sett til 10. september for Trøndelag og 15. september for Møre og Romsdal. For å få tilskott til tidlig sanking skal sankinga starte minimum ti dagar før normal sankedato.

KONFLIKTDEMPENDE TILTAK

Rovviltnemnda vil prioritere gode tiltak for å betre uttellinga av både skadefelling og ikkje minst lisensfellinga slik at ein større del av kvoten tas ut gjennom ordinær lisensfelling. Effektivisering av lisensfelling av jerv og bjørn samt styrking av kompetansen til kommunale og interkommunale skadefellingslag vil være eit av de viktigaste konfliktdempande tiltaka som rovviltnemnda ønsker å bruke midlar til.

Gode kvalitetssikra bestandsestimater vil også være konfliktdempande.

ANDRE ØKONOMISKE VIRKEMIDLER

Tilskottsordningane Regionalt miljøprogram (RMP) og Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) er ordningar som kan samordnast/kombinerast med tilskott til skadeførebyggande tiltak mot rovviltsskadar i aktuelle områder.

Tilskott til tiltak i beiteområdet skal bidra til god beitebruk gjennom infrastruktur i beiteområda. Tilskottet blir forvalta av fylkesmennene.

SAMORDNET FORVALTNING AV JERVEBESTANDEN I MØRE OG ROMSDAL OG OPPLAND

Forvaltningsplanen foreslår å samordne forvaltninga av jervbestanden i dei to fylkene i langt større grad enn i dag. Nemnda har som målsetting at det inngår samarbeidsavtale e.l. for en samordna forvaltning av jervbestanden i dette området (Reinheimen, Dovrefjell og Sunndalsfjella).

SKADEFELLING/SKADEFELLINGSLAG

Det er et mål at skadedyr skal tas ut så raskt og effektivt som mulig når det er fatta vedtak om felling. Fylkesmannen har i beitesesongen vakttelefon for rovvilt. Søknader om skadefelling og svar på søknader blir formidla munnleg for å korte ned saksbehandlertida. Det må søkast skriftlig i etterkant. Fylkesmannen gir et skriftlig svar på søknaden i etterkant.

Potensialet for meir effektiv felling av rovvilt er stort og spesielt skadefelling på barmark er krevjande. Kommunane blir oppfordra til å søke om konfliktdempande tiltaksmidlar for å styrke kompetansen for skadefellingslaget. I områder med store rovviltsskadar bør det etablerast kommunale/interkommunale fellingslag som skal delta aktivt i forsøk på felling. Det er i utgangspunktet kommunenes eige ansvar å opprette skadefellingslag.

MINDRETALLSFORSLAGET

Arbeidet med forvaltningsplanen medførte nokon mindretallsforslag som rovviltneemnda ønskjer at høringsinstansane uttaler seg om. Disse er følgande:

- Forvaltningsområdet for jerv blir halde uendra.
- Geografisk fordeling av det regionale bestandsmålet for jerv. Fylkesvise bestandsmålet for jerv blir 7 i Trøndelag og 3 ynglingar i Møre og Romsdal. Det fylkesvise bestandsmålet for jerv i Trøndelag fordeles med 3 ynglingar nord for E14 i Stjørdalsdalføret og 4 ynglingar sør for E14.
- Gaupe: Regionens bestandsmål på 12 familiegrupper fordeles med 8 familiegrupper i Trøndelag (4 familiegrupper nord for E14 i Stjørdalsdalføret og 4 familiegrupper sør for E14) og 4 familiegrupper i Møre og Romsdal.
- Kvotefri jakt på gaupe i Lierne og Røyrvik kommune.

Vurdering

Forslaget til forvaltningsplan omfattar artene ulv, bjørn, jerv og gaupe. Uttalelsen frå Surnadal kommune vil omhandle artene jerv og gaupe, forvaltningsområdet for bjørn omfattar ikkje kommunar i Møre og Romsdal. Det er heller ikkje et nasjonalt mål å etablere ynglingar av ulv i region 6.

FORSLAGET TIL FORVALTNINGSPLAN SETT I FORHOLD TIL GJEDANDE FORVALTNINGPLAN

1. Det er positivt og svært viktig for beitenæringa i Surnadal kommune at Trollheimen fortstatt skal være prioritert beiteområde for sau og tamrein. Etter at Trollheimen vart prioritert beiteområde, i 2011, har tapstall for sau hatt ei svært positiv utvikling, med slike tall:

2011: 19,5% tap	2012: 11,4% tap	2013: 7,2 % tap	2014: 6,8% tap	2015: 4,4% tap	2016: 4,9% tap
-----------------	-----------------	-----------------	----------------	----------------	----------------

Dette er ei gledeleg utvikling som vi håper skal halde fram. Det er no optimisme i saueneæringa i Surnadal kommune. Fleire unge bønder satsar på sau og har bygd seg nye fjøs, eller har bygd om eldre fjøs. Det er viktig at dei som satsar på næringa får stabile rammevilkår, der tapstalla på utmarkebeite ligg innanfor akseptable verdiar.

2. Dei foreslåtte endringane inneberer at Sunndal kommune har fått gjennomslag for sitt synspunkt når det gjelder Utvalgt kulturlandskap i og med at Øvre Sunndal i Møre og Romsdal blir foreslått tatt ut av forvaltningsområde for jerv. Dette betyr at området blir prioritert beiteområde. Dette er viktig for Sunndal fordi området omfatter det Utvalgte

kulturlandskapet i Sunndal; Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal, et område som er utpekt av regjeringen på grunn av områdets kvalitet med hensyn på biologiske mangfold, gamle kulturmarker og viktige kulturminner. Området er avhengig av skjøtsel med beitedyr og området følges opp med særskilt forvaltning. Sauen spiller en viktig rolle i kulturlandskapspleien i dette området. Seterdalane i Øvre Sunndal er av det beste fjellbeitet i Møre og Romsdal. Det er viktig at Øvre Sunndal får same forvaltningsregime som Oppdal på grunn av at Øvre Sunndal og Oppdal har felles kommunegrense og derfor beiteområder som grenser til kvarandre.

3. Forvaltningsplanen foreslår å samordne forvaltninga av jervbestanden i Møre og Romsdal og Oppland fylker i langt større grad enn i dag. Nemnda har som målsetting at det blir inngått samarbeidsavtaler for en samordna forvaltning av jervbestanden i dette området. Dette støttes av Surnadal kommune, da det er viktig å få etablert ei felles forvaltning og felles ynglemål i Snøhettaområdet og Reinheimen/Breheimen. En samarbeidsavtale må forplikte partane som bør komme fram til et felles ynglemål for Snøhetta og Reinheimen.
4. Det er et mål i planen om raske og effektive uttak av skadedyr og satsing på kompetansehevande tiltak som retter seg mot kommunale fellingslag. Surnadal kommune har oppretta skadefellingslag, saman med Rindal kommune, og det er arrangert kurs og skytetrening for medlemmer av skadefellingslaget. Dette er finansiert gjennom midlar til konfliktdempande tiltak. Det er viktig å fortsette satsinga på kompetansehevande tiltak retta mot skadefellingslaga.
5. Surnadal kommune meiner at to ulike førebyggjande tiltak må kunne settast i verk samtidig for å hindre tap av sau til rovdyr. Eksempel her er skadefelling samtidig med tidlig sanking. Det tar tid å sanke sau som går spredt i fjellet. Rovdyr kan gjere mykje skade før all sauen er sankt ned. I tillegg vil en slik innføring virke konfliktdempande.
6. Jerv i prioritert beiteområde bør fortrinnsvis tas ut før yngling for å unngå hiuttak.
7. Når det gjelder gaupe så blir det foreslått ingen endringar av forvaltningsområde i Møre og Romsdal. Men det blir no foreslått ingen fylkesvise bestandsmål for gaupe. Rådmannen er av den oppfatning at det fortsatt vil være fornuftig å fordele familiegruppene av gaupe med 10 i Trøndelag og 2 i Møre og Romsdal. Slik at ein ikkje får flytta gaupepresset sørover.

MINDRETALLSFORSLAGET

Når det gjelder forvaltningsområde for gaupe ønsker Surnadal kommune å oppretthalde eksisterande fylkeskvoter, dvs. to familiegrupper i Møre og Romsdal og 10 i Trøndelag.

ANDRE KOMMENTARER

Under kap. II «Fakta og utfordringer», pkt. 2.1 er bufenæringen i region 6 omtalt. Rådmannen meiner at også bufenæringen sin betydning i Møre og Romsdal må omtalast på lik linje med Trøndelag. Sauens betydning som næring og som kulturarbeider.

Under pkt. 1.1.3 Miljøpolitisk bakgrunn, rovviltforliket 2011 står det at sørsamisk reindrift blir utøvd over store deler av Trøndelag, samt hele Trollheimen. Det er ikkje tamreindrift i Sunndal kommune sin del av Trollheimen.

Rådmannen si tilråding

Surnadal kommunestyre har følgande merknader til forslag til forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge:

1. Det er svært viktig for Surnadal kommune at Trollheimen fortsatt skal være prioritert beiteområde for bufe og tamrein.
2. Surnadal kommune er positiv til at Øvre Sunndal blir tatt ut av forvaltningsområdet for jerv og at området skal være prioritert beiteområde.
3. Det er ønskeleg med ein samordna forvaltning av jervbestanden i Møre og Romsdal og Oppland fylker som foreslått. Ein samarbeidsavtale må forplikte partane som bør komme fram til et felles ynglemål for Snøhetta og Reinheimen.
4. Det må kunne settast i verk to ulike førebyggjande tiltak samtidig for å hindre tap av sau til rovdyr, eksempelvis skadefelling samtidig med tidleg sanking.
5. Surnadal kommune tar til etterretning at det ikkje blir foreslått endringar i forvaltningsområdet for gaupe i Møre og Romsdal. Dagens fordeling av familiegrupper bør bli vidareført som i dag, med 10 i Trøndelag og 2 i Møre og Romsdal.
6. Jerv i prioritert beiteområde bør fortrinnsvis tas ut før yngling for å unngå hiuttak.
7. Surnadal kommune ber om at feil og manglar i planteksten rettast opp i henhold til det som er skrevet under «Andre kommentarar» i vurderinga.

Merknadene er grunngjeve under «Vurdering» i saksframlegget.

Behandling i Kommunestyret - 13.09.2017

Forslag:

Bergsvein Brøske sette fram følgjande tilleggsforslag til pkt. 5:

Kommunestyret vil bemerke at det vil være svært viktig at gaupekvota for jakt blir auka når bestandsmålet er nådd innafor dagnes forvaltningsområde på Nordmøre.

Votering:

1. Pkt. 1, 2, 3 og 4 i tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtekne.
2. Pkt. 5 i tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.
3. Forslaget frå Bergsvein Brøske vart samrøystes vedteke.
4. Pkt. 6 og 7 i tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtekne.

Kommunestyret sitt vedtak:

Surnadal kommunestyre har følgande merknader til forslag til forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge:

1. Det er svært viktig for Surnadal kommune at Trollheimen fortsatt skal være prioritert beiteområde for bufe og tamrein.

2. Surnadal kommune er positiv til at Øvre Sunndal blir tatt ut av forvaltningsområdet for jerv og at området skal være prioritert beiteområde.
3. Det er ønskeleg med ein samordna forvaltning av jervbestanden i Møre og Romsdal og Oppland fylker som foreslått. Ein samarbeidsavtale må forplikte partane som bør komme fram til et felles ynglemål for Snøhetta og Reinheimen.
4. Det må kunne settast i verk to ulike førebyggjande tiltak samtidig for å hindre tap av sau til rovdyr, eksempelvis skadefelling samtidig med tidleg sanking.
5. Surnadal kommune tar til etterretning at det ikkje blir foreslått endringar i forvaltningsområdet for gaupe i Møre og Romsdal. Dagens fordeling av familiegrupper bør bli vidareført som i dag, med 10 i Trøndelag og 2 i Møre og Romsdal. Kommunestyret vil bemerke at det vil være svært viktig at gaupekvota for jakt bllir auka når bestandsmålet er nådd innafor dagnes forvaltningsområde på Nordmøre.
6. Jerv i prioritert beiteområde bør fortrinnsvis tas ut før yngling for å unngå hiuttak.
7. Surnadal kommune ber om at feil og manglar i planteksten rettast opp i henhald til det som er skrevet under «Andre kommentarar» i vurderinga.

Merknadene er grunngjeve under «Vurdering» i saksframlegget.

Rett utskrift: Tore Gjøl, 15.09.2017.